

# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 2

2011

ÅRGANG 26

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I LAGET

## REKER PÅ NORDFJORD HYTTA 21. MAI



## DUGNAD PÅ PUSTUT VÅREN 2011

### Stort lagsengasjement i vinter

Det har vore ein svært aktiv vinter for Sogn og Fjordanelaget i år: Fyrst meisterkonsert med *Arne Sølberg* saman med *Jon Faulstad* 6. februar, over 80 til stades, sær god stemning og mykje vellukka.

Så årsmøtet i laget 14. februar, med godt frammøte og der me m.a. tok opp saka om framtida til Bygdelagshuset i Nordahl Bruns g. 22, både kven som skal eiga og korleis ein skal driva det frametter.

Dessutan har folk frå laget og ringen måtta sett seg inn i ein brote med mailar og sakspapir og møtt både på leiarmøte og to lange og krevjande årsmøte i Bygdelagssamskipnaden om hussaka. Sjå kort melding om dette under. Laget vårt engasjerer seg sterkt i saka og stiller med tre representantar i styre og stell i BLS etter årsmøtet.

Sjå elles uti bladet om kva som skjer i ringen og laget frametter, og ver velkommen både på øvingar, kurs, hyttehelgar og dugnader.

### **Alv Reidar Dale**

Lagsleiar

## Rekeselskap på Nordfjordhytta

Laurdag 21. mai

Meir opplysingar kjem i den neste avisa.

Helsing Dagfinn Aa i Hyttestyret

---

## Årsmøte i BLS 22. og 24. mars 2011

– stort frammøte og engasjert årsmøtelyd

Kva som skal skje med Bygdelagsgarden i Nordahl Bruns gate 22, har vore diskutert i dei ulike laga i lengre tid og var den store saka første dag av årsmøtet.

### **Bøndernes hus AS - Olav Thon**

Begge alternativa hadde blitt endra undervegs før årsmøtet, og framlegga som låg føre, var gjenstand for 4 'livate' timar med innlegg, replikkar, reviderte og nye framlegg.

For å kunne kome vidare, vart det stemt over revidert framlegg frå det sitjande styret. Vedtak: Styret greier ut begge alternativa grundigare og kallar inn til omframte årsmøte i september.

På dag 2, 24. mars, vart årsmelding, rekneskap og budsjett med arbeidsplaner handsama, og blei godkjende med merknader.

Val av styre og nemnder vart òg gjennomført.

### **Anny Sollid**

Nestleiar

---

## Dugnad på Pustut i mai og juni

Vi tek opp att arbeidet på Pustut i mai, og skal då gjera ferdig golvet og ferdigmontera kjøkeninnreiinga. I slutten av månaden skal vi "flytte inn" i kjøkenet, vaske og rydde i stova og elles slik at hytta kan brukast i sommar. Vi skal også gjera ein del grunnarbeid og støype fundament for det nye tilbygget.

**Så det blir dugnad kvar helg frå og med 14.-15. mai og fram til pinse.**

I siste del av juni håpar vi å få til ei helg der vi riv det gamle tilbygget og set opp reisverk og tak for det nye. Så den helga treng vi mange arbeidsfolk. Vidare utetter sommaren og hausten vert det og behov for arbeidsinnsats til innreiing, pussing og måling mm.

**Hytta må vera klar til 50-års jubileumsfeiring i oktober!**

Meld deg som dugnadsarbeidar til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no) så får du nærare beskjed om når vi treng din innsats. Har du høve til å jobbe dugnad utanom helgene så ta kontakt.

**Vær med og ta eit tak du og !**

## Sogn og Fjordaneringen

Vi minner om øvingane kvar tysdag kl. 18 – 22 i Storsalen i Nordahl Brunsgate 22.

Ringene deltek også på folkedanskveldane om søndagane, og 3. april vert det frå kl. 18 – 19.30 i Halli minikurs i parhalling med Audun Sølberg som instruktør og Britt Pernille Frøholm som spelemann. Deretter vanleg søndagsdans.

Andre hendingar er framsyningsdansing 17. mai på institusjonar i Bærum og pinsetur til Bornholm. For fleire opplysingar - sjå rikhaldig og detaljert program på [www.sognogfjordaneringen.no](http://www.sognogfjordaneringen.no).

---

## Protokoll frå årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo

14. februar 2011 kl. 19.00 i Nordahl Bruns gt. 22, Oslo

### **Sak 1: Opning, godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent, protokollvitne og teljekorps**

16 medlemmer møtte. 1 medlem forlet møtet under handsaminga av sak 5.

Alv Reidar Dale ynskte velkommen til møtet. Innkallinga vart samrøystes godkjend.

#### Konstituering:

Ordstyrar: Alv Reidar Dale.

Referent: Jofrid Holter.

Protokollvitne: Randi Solheim og Dagfinn Aa.

Teljekorps: Andor Gjelsvik og Anne-Lise Berggren.

**Vedtak:** Alle vart samrøystes valde.

### **Sak 2: Godkjenning av saklista**

**Vedtak:** Saklista vart samrøystes godkjend.

### **Sak 3: Årsmelding for 2010**

Alv Reidar Dale gjekk gjennom meldinga. Medlemstalet har gått litt ned siste året, 4 nye medlemmer er komme til. Det var fleire som deltok på klubbefesten dette året, ca 130 personar.

Større saker som styret har arbeidd med, er opparbeiding av sti ved Sinober og vidare drift og ev. sal av Bygdelagshuset.

Presse- og PR-nemnda: Lagsavisa har komme med 7 nummer, 3 av dei har vore i fargar. Hilmar Nummedal har vidareført heimesida.

Hyttestyret: 50-årsjubileet vart feira på Nordfjordhytta 11.september.

Arbeidet med opprusting av Pustut vart meir omfattande enn ein rekna med og vil halde fram i 2011.

**Vedtak:** Årsmeldinga for Sogn og Fjordanelaget vart samrøystes godkjend. Meldinga frå ringen vart teken til vitande.

### **Sak 4: Endring av meldingsår og rekneskapsår for Sogn og Fjordaneringen**

Det låg føre framlegg frå ringen om at meldings- og rekneskapsåret skal følgje kalenderåret. Styret i laget hadde innstilt på at denne endringa skal gjelde frå 2011.

**Vedtak:** Nytt meldings- og rekneskapsår vert innført frå 2011. Melding og rekneskap vil neste gong omfatte 1.11.2010–31.12.2011. Vedteke med 11 røyster for, 3 røyster mot og 2 fråhaldne.

### **Sak 5: Endringar i lovene for laget**

Frå årsmøtet i Sogn- og Fjordaneringen låg det føre framlegg om to lovendingar.

Endring (i kursiv) av punkt 2.2. “Styret kan godkjenne medlemskap for andre som vil gå inn for laget sitt føremål, *samt medlemmer i Sogn og Fjordaneringen.*”

**Vedtak:** 3 røyster for, 9 mot og 4 fråhaldne.

Endring av punkt 3.2. “Årsmøtet skal vere halde innan 1. mars.”

**Vedtak:** Samrøystes vedteke.

Styret hadde lagt fram forslag om endring av punkt 6.3.

**Vedtak:** Samrøystes vedteke at punkt 6.3 skal endrast til: Midlane til investeringsfondet kan nyttast til kjøp av fast eigedom, eller til større vedlikehald, oppgradering og påbygging av eigedomane i laget. Bruk av investeringsfondet kan berre gjerast etter vedtak på årsmøtet med 2/3 fleirtal.

### **Sak 6: Rekneskap for 2010**

Hilmar Nummedal la fram rekneskapen og svara på spørsmål.

**Vedtak:** Rekneskapen til Sogn og Fjordaneringen vart teken til vitande. Rekneskapen til Sogn og Fjordanelaget vart samrøystes godkjend.

---

Investeringsfondet. Framlegg frå styret: Årsmøtet gjev styret fullmakt til å bruka inntil 200 000 av investeringsfondet til ombygging og vedlikehald av Sunnfjordhytta.

**Vedtak:** Samrøystes vedteke.

### ***Sak 7: Medlemspengar 2011***

Styret gjorde framlegg om uendra medlemspengar: kr. 300,- for vaksne, kr. 100,- for ungdom og kr. 0,- for born. På møtet vart det gjort framlegg om at medlemspengane skulle aukast til kr. 400,- for vaksne, kr. 150,- for ungdom og kr. 0,- for born.

**Vedtak:** 12 røyster for styret sitt framlegg om uendra medlemspengar. 3 røyster for alternativt framlegg.

### ***Sak 8: Ombygging/vedlikehald Pustut***

Orientering om arbeidet med Sunnfjordhytta vart teken til vitande.

### ***Sak 9: Arbeidsprogram og budsjett for 2011***

#### Arbeidsprogram:

Faste aktivitetar som før, t.d. klubbefesten.

#### Budsjettet:

Hilmar Nummedal gjekk gjennom budsjettframlegget for 2011. I høve til det framlagde budsjettet vart det gjort desse endringane:

Tilskipingar – inntekt	kr. 40 000,-
Renteinntekt	kr. 3 000,-
Sum inntekter	kr. 70 000,-
Lagsavis/Faldar	kr. 10 000,-
PR-arbeid	kr. 0,-
Administrasjon	kr. 3 000,-
Sum utgifter	kr. 74 400,-
Resultat laget	kr. -4 400,-
Samla resultat	kr. -4 000,-

**Vedtak:** Det justerte budsjettet vart vedteke med 14 røyster for og 1 mot.

---

### ***Sak 10: Endring i føresegnene til Sogn og Fjordaneringen***

**Vedtak:** Framlegg til styringsføresegner vart vedtekne samrøystes.

### ***Sak 11: Framtida for Bygdelagshuset***

Leiaren orienterte. Diskusjonen etterpå viste at det var motstand mot sal av huset.

### ***Sak 12: Val***

Valnemnda v/Agnar Kvellestad var ikkje til stades på møtet. Ordstyraren la fram valnemnda sitt framlegg på tillitsvalde i 2011. Desse vart valde:

#### Styret

Leiar: Alv Reidar Dale (attval, 1 år)

Styremedlem: Hilmar Nummedal (ikkje på val)

Styremedlem: Agnar Hegrenes (attval, 2 år)

Styremedlem: Jofrid Holter (ikkje på val)

Styremedlem: Anny Sollid (attval, 2 år)

Varamedlem: Martha Reksten (attval, 1 år)

Varamedlem frå SF-ringen: Randi Solheim (ny, 1 år)

#### Hyttestyret

Agnar Hegrenes (attval, 2 år)

Dagfinn Aa (attval, 2 år)

Andor Gjelsvik (ikkje på val)

Oddvar Bjordal (ikkje på val)

#### PR- og pressenemnda

Agnar Kvellestad (ikkje på val)

Ragnvald Halset (attval, 2 år)

Kristin Vasbø (ikkje på val)

#### Revisorar

Arne Kvamme (ny, 1 år)

Ola Raftvoll (ny, 1 år)

#### Valnemnd

Agnar Kvellestad (attval)

## Representasjon


Utendingar og varafolk til årsmøtet i BLS: Alv Reidar Dale, Hilmar Nummedal, Anne-Lise Berggren, Arnold Haukerei, Anny Sollid, Martha Reksten.

Utendingar til årsmøtet i Det Norske Teatret: Anny Sollid og Alv Reidar Dale. Vara: Martha Reksten.


## Sogn og Fjordaneringen

Nytt styre vart valt på årsmøtet 7. desember 2010.

**Vedtak:** Alle val på tillitsvalde var samrøystes.



Jofrid Holter  
Referent



Randi Solheim  
Protokollvitne



Dagfinn Aa  
Protokollvitne

## **Sogn og Fjordanelaget i Oslo - Tillitsvalde 2011**

<b>Styret</b>	Tlf. heime	Tlf. jobb
Leiar: Alv Reidar Dale, Edv. Griegs Alle 12, 0479 Oslo <a href="mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no">a.r.e.dale@admin.uio.no</a>	47331864	22856348
Nestleiar: Anny Sollid, Sloreåsen 4A, 1257 Oslo <a href="mailto:anny.sollid@online.no">anny.sollid@online.no</a>	22613888	
Kasserer: Hilmar Nummedal, Helgesens gt. 84 F, 0563 Oslo <a href="mailto:hilmar@getmail.no">hilmar@getmail.no</a>	22689278	92067263
Skrivar: Jofrid Holter, Michelets vei 40 C, 1368 Stabekk <a href="mailto:Jofrid.Holter@jbi.hio.no">Jofrid.Holter@jbi.hio.no</a>	67123337	22452628
Medlem: Agnar Hegrenes, Arn. Gellines v 31,0657 Oslo <a href="mailto:Agnar.Hegrenes@nilf.no">Agnar.Hegrenes@nilf.no</a>	22193089	22367256 92 49 64 38

## **Styret – framhald:**

Vara: Martha Reksten, Oppsal terrasse 2, 0686 Oslo	22275848	22697750 924 28 096
Vara: Randi Solheim, Bølerskrenten 17, 0691 Oslo <a href="mailto:rksol@start.no">rksol@start.no</a>	90047404	

## **Hyttestyret**

Leiar: Agnar Hegrenes ( <a href="mailto:Agnar.Hegrenes@nilf.no">Agnar.Hegrenes@nilf.no</a> )	22193089	22367256 92 49 64 38
--	----------	-------------------------

## Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik, Grefsenveien 42 B, 0485 Oslo <a href="mailto:andorgj@frisurf.no">andorgj@frisurf.no</a>	21920205	91551058
--	----------	----------

## Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa ( <a href="mailto:Daa@ssb.no">Daa@ssb.no</a> ), Jørgen Moes vei 26,1476 Rasta	67906134	21094802
Oddvar Bjordal, Sleiverudlia 30, 1354 Bærums Verk <a href="mailto:odingbjo@online.no">odingbjo@online.no</a>	67800496	99591414

## **Presse- og PR-nemnda**

Leiar: Agnar Kvellestad, Olaf Bulls Vei 14 C,0765 Oslo <a href="mailto:agnar.kvellestad@nvh.no">agnar.kvellestad@nvh.no</a>	22494596	90533696
Ragnvald Halset, <a href="mailto:ragnvald@nyark.no">ragnvald@nyark.no</a>	99586790	99586790
Kristin Beate Vasbø, Trøndergata 4, 0477 Oslo <a href="mailto:k.b.vasbo@uv.uio.no">k.b.vasbo@uv.uio.no</a>	98682598	22855371

## **Styret i Sogn og Fjordaneringen**

Leiar: Anne-Lise Berggren, Hosletoppen 46, 1362 Hosle <a href="mailto:alb@geofrost.no">alb@geofrost.no</a>	67141195	67147350 95292930
Nestleiar: Randi Solheim, Bølerskrenten 17, 0691 Oslo <a href="mailto:rksol@start.no">rksol@start.no</a>	90047404	
Kasserar: Astrid Gjørven, Nygård Terrasse 4, 0873 Oslo <a href="mailto:astrid.gjorven@vikenfiber.no">astrid.gjorven@vikenfiber.no</a>	22183295	98681829
Skrivar: Åse Madsen, Åsenhagen 4 C, 2020 Skedsmokorset <a href="mailto:ase.madsen@basemail.no">ase.madsen@basemail.no</a>	63879645	93453425
Medlem: Axel Bugge, Ravnkollbakken 85, 0971 Oslo <a href="mailto:axel.bugge1@gmail.com">axel.bugge1@gmail.com</a>	22257430	
1. vara: Olav Kvam, Prof. Dahls gt. 48, 0260 Oslo <a href="mailto:olav.kvam@getmail.no">olav.kvam@getmail.no</a>	22 44 75 44	95880499
2. vara: Marit Haug Loen, Granv. 13B, 1178 Oslo <a href="mailto:marit.loen@vikenfiber.no">marit.loen@vikenfiber.no</a>	22286865	02180

## **Revisorar:**

Arne Kvamme	66 90 38 41
Ola Raftvoll	67 14 09 42

---

## PROGRAM FOR VINTEREN OG VÅREN 2011

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Brunsgt. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar.

Kvar tysdag	Kl. 18 – 22 folkedansøving i Storsalen. 4/1 - 7/6. Aktivitetskalendar <a href="http://www.sognogfjordaneringen.no">http://www.sognogfjordaneringen.no</a>
Søndag 6/2	Meisterkonsert med Arne Sølvsberg og Jon Faulstad
Måndag 14/2	Årsmøte i laget
Laurdag 5/3	Ringen har kurs i vestlandsspringar
Søndag 3/4	Minikurs i Parhalling
Helga 14-15/5	Dugnad på Pustut
17/5	Framsying på institusjonar i Bærum. Ringen
Laurdag 21/5	Rekeselskap på Nordfjordhytta
Helga 21-22/5	Dugnad på Pustut
Helga 28-29/5	Dugnad på Pustut
Søndag 29/5	Bygdelagsstemnet på Folkemuseet på Bygdøy
Helga 4-5/6	Dugnad på Pustut
Tysdag 7/6	Sommaravslutting i ringen
10-13/6	Ringen på pinsetur til Bornholm i Sverige

### Lagsavisa – fristar mm.

Frist for stoff til den neste avisa er **3/5**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkt kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no). Alternativt som brev til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for avtale av andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilete; helst digitale, men tek gjerne og farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Kristin Vasbø.

# A

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---

### STYRET

**Leiar:** Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) – 22 85 63 48 (a)  
[a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no)

**Kasserer:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) – 92 06 72 63  
[hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no)

### PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96  
[agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no)

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
[agnar.hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes@nilf.no)

### Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no)

### Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa, [daa@ssb.no](mailto:daa@ssb.no) 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)

### SOGN OG FJORDANERINGEN

Leiar: Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) – 67147350 (a)  
[alb@geofrost.no](mailto:alb@geofrost.no)

---